

**HELSE FØRDE HF**  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

**Dykker ref.:** **Vår ref.:**  
2022/537 - 6653/2023

**Saksbehandlar:**  
Caroline Øie

**Dato:**  
19.06.2023

## **Endeleg revisjonsrapport - Uønskt variasjon i pasientforløp (BUP)**

Internrevisjonen i Helse Vest RHF viser til brev datert 12.05.22 om oppstart av internrevisjonsprosjektet om uønskt variasjon i pasientforløp (BUP). Endeleg rapport ligg no føre, og vart handsama av revisjonsutvalet i Helse Vest RHF 13.06.23 og av styret i Helse Vest RHF 14.06.23.

Rapporten følgjer vedlagt. Vi takker for godt samarbeid undervegs i revisjonsarbeidet.

### **Om revisjonsprosjektet**

Føremålet med revisjonen har vore å undersøkje om det er uønskt variasjon i dei barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkane i Helse Vest når det gjeld mottak av tilvising, vurdering av tilvising, og behandling av barn og unge med eteforstyrringar.

Undersøkinga viser tydeleg at barn og unge med eteforstyrringar har høg prioritet i helseføretaka, og internrevisjonen meiner føretaka på mange område har ei god oppfølging av denne pasientgruppa. Samtidig er det variasjonar i helsehjelpa til barn og unge med eteforstyrringar. Sjølv om pasientar har ulikt behov for helsehjelp, meiner internrevisjonen det er indikasjonar på at noko av variasjonen er uønskt og at aktiviteten og tenestetilbodet i BUP er påverka av både interne og eksterne faktorar.

### **Oppfølging**

Administrerande direktør i helseføretaka har ansvar for at rapporten blir lagt fram for styret i føretaket utan unødig opphold. Styresaka skal innehalde ein handlingsplan frå administrerande direktør for oppfølging av dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten.

Revisjonsutvalet slutta seg til tilrådingane som internrevisjonen framheva, men løfter øg fram følgande punkt som bør inkluderast i handlingsplanane:

- Helse Vest RHF bør vurdere om det regionale kompetansehevingstilbodet er rett dimensjonert og organisert
- Pasientar bør få utfyllande, skriftleg informasjon ved første konsultasjon.

Internrevisjonen ber om at det blir brukt ein mal som gjer samanlikningar på tvers og over tid mogleg. Malen følger nedanfor. Vi vil følgje opp etter ei tid med førespurnad om status på gjennomføring av handlingsplanen. Resultata av dette skal vi rapportere til revisjonsutvalet, og ein legg til grunn at administrerande direktør har tilsvarende rapportering til styret i helseføretaket.

Dersom føretaket ved handsaming av rapporten ønskjer å invitere internrevisjonen til møte i føretaksstyret eller i relatert administrativt møte, seier vi gjerne ja til det.

Tabellen til bruk under utarbeiding av handlingsplanar i administrasjonen for å møte tilrådingane i internrevisjonsrapporten (statuskolonnen er til bruk ved den seinare oppfølginga):

| IR si<br>tilråding | AD si<br>vurdering | Tiltak | Tidsfrist | Ansvar | Status |
|--------------------|--------------------|--------|-----------|--------|--------|
|                    |                    |        |           |        |        |
|                    |                    |        |           |        |        |

Vennleg helsing  
Internrevisjon

Bjørn Munthe  
Leiar, internrevisjonen

Dokumentet er elektronisk godkjent

#### Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

Mottakere

HELSE BERGEN HF

HELSE FONNA HF

HELSE FØRDE HF

HELSE STAVANGER HF